

Humedalslaget

NUMEDØLEN



Oktober 2012



Referat frå årsmøtet i Numedalslaget i Oslo 29.02.2012

Tilstades: Nils Øyvind Bergset, Ragnhild Landerud, Lars Peder Larsgård, Bjørg Undebakke, Svein Aasen, Aasmund Flo.

1. Opning

Nils Øyvind Bergset opna møtet og ønskte velkomen.

2. Konstituering

Nils Øyvind Bergset vart valt til møteleiar. Bjørg Undebakke og Aasmund Flo vart oppnemnde til å skrive under protokollen. Bjørg Undebakke var referent.

3. Godkjenning av innkalling og saksliste

Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste.

4. Årsmelding 2011

Årsmelding 2011 blei lese opp av Ragnhild Landerud

Årsmelding for Folkedansgruppa blei lese opp av Nils Øyvind Bergset.

Begge årsmeldingane blei godkjende, med ein kommentarr:

- Laget har hatt utsendingar til omframt årsmøte i BLS i høve salg av eigedomen i NB.gt 22.

5. Rekneskap.

Svein Aasen (kasserar) gjekk gjennom rekneskapen for 2011, underteikna av kasserar og revisor 06.02.2012

Rekneskapen for 2011 blei godkjend, med nokre kommentarar:

- Kontoen som inneheld mellom anna pengane til Lotterifondet, bør splittast i to postar på rekneskapen, så ein ser kva del som er Lotterifondet.
Svein finn statuttane til Lotterifondet.



6. Medlemspengar 2013

Styret har fullmakt til å auke medlemspengane slik at dei til kvar tid samsvarar med det vi må betale til BLS og NU, (som vedteke tidlegare år). Den delen Numedalslaget får, endrast ikkje i 2013. (vart heva i 2012).

7. Innkomne framlegg.

Ingen innkomne framlegg

8. Val

Årsmøtet gjekk til val på forslaga frå valkomiteen, leia av Bjørg Undebakke.

Desse tok attval / vald inn på ny plass (NY):

Svein Aasen: Kasserar, folkedansgruppe, fanevakt

Bjørg Undebakke: Varamedlem styret, valnemnd

Kjersti Aasen: Styret (NY), Numedølen, valnemnd

Lars Peder Larsgård: Hyttestyret, Numedølen,

Nils Øyvind Bergset: Numedølen

Aasmund Flo: Revisor

Knut Kjønås: Hyttestyret (NY), valkomite

Kenneth de Gala: Folkedansgruppe


Jøran Stryse: Fanevakt

Walborg Tuft: Lotterifond

Støtt Numedalslaget gjennom grasrotandelen

Numedalslaget i Oslo er nå registrert i Frivillighetsregisteret. Dette betyr at du også kan støtte laget gjennom grasrotandelen til Norsk Tipping.

Be kommisjonæren registrere organisasjonsnummeret: 995 067 781.



Årsmelding 01.01. – 31.12.2011

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.

Svein Aasen har vore kontaktperson til BLS og NU.

Tillitsvalde i 2011: sjå vedlagte liste.

I meldingsåret hadde laget 48 medlemmar.

Av desse er 8 bimedlemmar (hovedmedlem i eit anna lag i NU/BLS)

Det er 6 æresmedlemmar: Reidun Kjønaas, Knut Kjønaas, Jøran Stryse, Levor Traaen, Gunnar Ulbåsen og Svein Aasen,

og 1 livsvarig medlemskap: Valborg Dyrnes


Aktivitetar:

- I meldingsåret har det vore 3 styremøte / arbeidsmøte + årsmøte 09.03. (elles e-post - kontakt). Framtida til Nordahl Bruns gt.22 har vore ei viktig sak dette året, og Numedalslaget var representert på både årsmøtet og ekstraordinært årsmøte i BLS der dette blei behandla.
- Rååkåfiskfest på Røa Samfunnshus 29.01.
- Ingen fellestur til Lagshytta i Lommedalen i år.
- Lagsavisa "Numedølen" kom ut med to nummer (februar og oktober).
- Laget har eiga heimeside på internett. Kontaktperson har vore Lars Peder Larsgård
- Folkedansgruppa i laget har vore aktiv gjennom heile året. Sjå eiga årsmelding.

Rååkåfiskfest 29.januar 2011

Festen vart halden på Røa Samfunnshus

Det var 64 personar til bords, av desse var 45 fullt betalande



numedalslaget i oslo

Attåt fisken var det som vanleg både kling, mandelpotet, lauk og rømme.

Festen blei leia av Nils Øyvind Bergset.

Anne Svånaug Haugan kåserte om Folkemusikksoga for Numedal.

Levor Traaen blei utnemnt til æresmedlem.

Ragnhild Mogan, som baker klingen, og Ola Løgstuen, som leverer råkåfisk, blei tildelt hedersmerke.

Musikken sto Jennys gammeldansorkester fra Sandsvær for.

Økonomi – sjå vedlagte rekneskap 2011

Heimeside / e-post Numedalslaget i Oslo

Heimesida til Numedalslaget finn ein på www.numedalslaget.no

Eller på Numedalsweben under: lag/foreninger på nett (andre)
www.numedal.net/

Numedalslaget har ikkje e-post adresse lenger, men ein kan bruke e-postadresse til styremedlemmar.



Maten er servert på årets Råkåfiskfest. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Årsmelding for Folkedansgruppa i Numedalslaget 2011

Folkedansgruppa har i 2011 vore leia av Nils Øyvind Bergset, og i tillegg har Svein Aasen, Kjersti Aasen og Kenneth de Gala vore med. Vi har ikkje hatt eigne møter, men gjer avtaler over telefon og når vi møtes på øvingane. Svein Aasen sit som medlem i folkedansnemnda i BLS.

Vi har hatt 18 ordinære øvingskveldar gjennom året, fordelt på 11 i vårsemesteret og 7 i haustsemesteret. Nils Øyvind Bergset har vore instruktør på øvingskveldane våre. Når han har hatt fravær har Kjersti Aasen vore instruktør. Vi kallar kveldane for øving/kurs, og dei er opne både for gamle travarar og nybyrjarar. Instruktøren gir rettleiing til dei som treng det den fyrste timen, og så er det fritt fram for å praktisere det ein har lært etter pausa. Vi har også "dagens tema" denne fyrste timen. Her tek vi opp enkeltelement i dansen slik som steg, svikt, særskilde turar og diskuterer og prøvar ut. Vi startar øvingane kl. 19.30 og driv på til 21.30, med ei lita pause. Kenneth de Gala spelar fast på øvingane.

Totalt sett har det vore 75 frammøter på øvingane, 4 færre enn året før. I tillegg kjem spelemann og instruktør. 12 ulike personar har møtt fram, 6 gutar og 6 jenter. Gjennomsnittleg oppmøte har vore 4,2 personar per øving og det er stabilt samanlikna med året før. Det minste tal frammøtte på ei øving var 1, og det meste var 8.

Folkedansgruppa har vore med som teknisk arrangør på to folkedanskveldar. Desse kveldane har vi hatt minikurs i Numedalsdans i pausa.

Fleire av dei som har vore med på øvingskveldane er aktive kappdansarar. Dette gjeld Nils Øyvind Bergset, Marit Måge, Svein Aasen, Kjersti Aasen, Kenneth de Gala, Ellen Grøttheim Krokstrand og Arna Desser. Par frå Numedalslaget var med på Markenskappleik på Kongsberg, Buskerudkappleik på Hokksund, Landskappleiken i Seljord, Jørn Hilme-stemnet på Fagernes og Oslokappleiken.



numedalslaget i oslo

Vi prøver å stille lag i lagdans på kappleik så ofte vi kan og då stiller vi gjerne saman med par frå Numedal Spel- og dansarlag. På Landskappleiken vart vi nummer 14 av 25.

Dansarar frå laget har og vore med på framsyningar. Vi dansa på Råkåfiskfesten i januar, Bygdøystemnet til BLS og ein dansar har dansa på "Norsk aften" 2 gonger på Frognerseteren.

Oslo 24/2-2012

Nils Øyvind Bergset

Tillitsvalde i 2012

Styret:		Tlf.
Kasserar:	Svein Aasen	48 29 99 81
	Haugerudhagan,58, 0673 Oslo	
	e-mail:svein.aasen@multiconsult.no	
Styremedl.:	Ragnhild Landerud	45 01 91 36
	Kongeveien 45,1412 Sofiemyr	
	e-mail:landerud@c2i.net	
	Nils Øyvind Bergset	41 63 95 67
	Otto Ruges vei 35 B, 1361 ØSTERÅS	
	e-mail:niloberg@online.no	
	Kjersti Aasen	98 06 21 65
	Erlendsvei 48, 0669 Oslo	
	Lars Peder Larsgård	91 75 82 65
	Jenshaugvn.11,1363 Høvik	
	e-mail:lars-peder@larsgaard.com	
Varamedl.:	Björg Undebakke	97 75 40 18
	Starvn. 76 A, 1088 Oslo	



numedalslaget i oslo

e-mail:bjorg.tora.undebakke@nrk.no

Hyttestyre:	Lars Peder Larsgård	91 75 82 65
	Levor Traaen	67 13 47 19
	Tillesløkka 13, 1349 Rykkin	
	Walborg Tuft	93 26 23 56
	Skøyenåsvn. 9 C, 0686 Oslo	
	e-mail: wutuft@gmail.com	
	Knut Kjønnaas	41 33 42 00
	Sundstredet 126, 1531 MOSS	
	e-mail: k.kjonaas@rybeltron.no	
Folkedansgr.:	Nils Øyvind Bergset (leiar)	41 63 95 67
	Svein Aasen	48 29 99 81
	Kenneth de Gala	99 64 28 09
	Gamle Bygdev.168D,1284 Oslo	
	e-mail: kenneth@degala.no	
	Kjersti Aasen	98 06 21 65
Redaksjon	Lars Peder Larsgård	91 75 82 65
Numedølen	Kjersti Aasen	
	Nils Øyvind Bergset	41 63 95 67
Revisor:	Aasmund Flo	91 62 78 71
	Starvn. 76A, 1088 Oslo	
Hedersmerke/		
Fortjenestemerke	Jøran Stryss	32 74 63 60
	3628 VEGGLI	
	Levor Traaen	67 13 47 19



numedalslaget i oslo

Lotterifond:	Walborg Tuft	93 26 23 56
	Knut Kjønnaas	41 33 42 00
	Nils Øyvind Bergset	41 63 95 67
Fanevakter:	Jøran Stryse	
	Svein Aasen	
Valkomite:	Knut Kjønnaas	
	Kjersti Aasen	
	Bjørge Undebakke	



Oddmund Vestenfor og Kjersti Aasen med premiane i lagdans frå Jørn Hilmestemnet 2012. Foto: Svein Aasen



numedalslaget i oslo

God innsats på sommarens kappleikar

Siste helga i juni blei det arrangert Landskappleik på Otta med gode resultat frå medlemmer i Numedalslaget. Kenneth de Gala, som spelar fast på våre øvingar, vart kåra til beste dansespelemann på kappleiken. Han tok og ein 10 plass i spel hardingfele klasse B.

I dans hardingfele klasse A blei Nils Øyvind Bergset og Liv Bergset nummer 7 og Svein Aasen og Kjersti Aasen nummer 10. Dei var dei beste para som dansa i Numedalstradisjon. I dans hardingfele klasse B blei Nils Øyvind Bergset og Marit Måge nummer 2 og fekk første kvalifisering til A-klassen. Ein må ha to slike kvalifiseringar får å kunne delta i A-klassen.

I lagdans deltok dansarane frå Numedalslaget saman med dansarar frå Numedal Spel- og Dansarlag og blei nummer 16. Her måtte vi sjå oss slått av både Kongsberg Spel- og Dansarlag og Småjondølenes Dansarlag.

Siste helga i juli blei det arrangert kappleik under Jørn Hilme-stemnet på Fagernes. Dansarar frå Numedalslaget i Oslo deltok i lagdans saman med dansarar frå Numedal Spel- Dansarlag og vann klassa si.

På biletet ser vi Oddmund Vestenfor og Kjersti Aasen med premien, ei fruktkorg, eit bilete og diplom som prov på napp i vandrepremie. Det var 6 lag med i tevlinga.

Instruktøren vår, Nils Øyvind Bergset, vann tevlinga i durspel og vår faste spelemann, Kenneth de Gala, vart nummer 2 i Spel hardingfele klasse B.



numedalslaget i oslo

Bygdedans frå Numedal hausten 2012

15. oktober

29. oktober

12. november

26. november

10. desember

Desse mandagskveldane er det kurs/øving i bygdedans frå Numedal i Blåsalen i Nordahl Brunsgt. 22. Vi startar klokka 19.30, og ønskjer velkomen til gamle kjende og til den som vil prøve seg på ein ny dans.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset
Spelemann: Kenneth de Gala

Kursavgift:
200,- for medlemmer
300,- for ikkjemedlemmer
30,- per enkeltkveld

Ved spørsmål kontakt Nils Øyvind Bergset: 416 39 567.



Festtalar Lidvard Hytta på årets Råkfiskfest. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Folkedanskveld på søndagar

Nær alle søndagar (i perioden september - mai) frå 19.30 - 22.45 er det søndagsdans i Nordahl Bruns gate 22 i Oslo.

I Storsalen er det god dansemusikk der spelmannslag/grupper spelar gammaldans/pols og turdans. Songdans får du som regel høve til å danse i musikerpausen.

I Halli er det dei fleste søndagane minikurs i ulike dansar.

14 OKT

18.00-19.30	Minikurs - Polsdans frå Finnskogen	Halli
19.30-22.45	Argentinsk tango (føre og følge)	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Farande Fant	Storsalen

21 OKT

18.00-19.30	Minikurs - Springar frå Nordre Sunnmøre	Halli
19.30-22.45	Stordans (sangdans og store viser)	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Solveien spelemannslag	Storsalen

28 OKT


16.00-19.00	Swingkurs - SWING IT	Storsalen
18.00-19.30	Minikurs - Rørospols	Halli
19.30-22.45	Argentinsk tango (føre og følge)	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Tonje & Stein Magne	Storsalen

04 NOV

16.00-22.00	Stildans ved Symra	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Spelemannslaget De frilynde	Storsalen

11 NOV

18.00-19.30	Minikurs - Numedalsspringar	Halli
19.30-22.45	Bygdedans frå Telemark	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Enebakk	Storsalen



18 NOV

18.00-19.30	Minikurs - Rørospols	Halli
19.30-22.45	Teaterkveld	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Fanteladdane	Storsalen

25 NOV

16.00-19.00	Swingkurs - SWING IT	Storsalen
18.00-19.30	Minikurs - Bingsjöpolska	Halli
19.30-22.45	Pol Skor från Rättvik och Bingsjö	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Elise og Haldis	Storsalen

02 DES

16.00-19.00	Swingkurs - SWING IT	Storsalen
18.00-19.30	Minikurs - Springleik frå Vågå	Halli
19.30-22.45	Argentinsk tango (føre og følge)	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Stensgård & Rusten	Storsalen

09 DES

18.00-19.30	Minikurs - Bodapolska	Halli
19.30-22.45	Julekonsert og forteljing	Halli
19.30-22.45	Rund-/folkedans - Elise Hildrum m/venner	Storsalen

Oslokappleik 2012

Laurdag 27. oktober arrangerar Laget for Folkemusikk og Bydelagssamskipnaden Oslokappleik i Nordahl Brunsgate 22. Det blir sjokoladekappleik, ordinær kappleik og fest om kvelden.

Sjå her for meir informasjon:

<http://www.lagetforfolkemusikk.org/>



numedalslaget i oslo

Minneord Norunn Lødemel Aasen

Norunn Lødemel Aasen sovnet stille inn i slutten av april etter å ha vært syk i mange år.

Norunn Lødemel Aasen var sammen med Svein Aasen en av de mest aktive og beste Numedalsdanserne på 70-tallet. De var A-klasse dansere med mange gode resultater på både landskappleiker og mindre kappleiker.

De var også «ryggraden» i springarøvingene i Blåsalen.

Norunn var et flott forbilde for oss jentene. Instruktørene lærte oss turene og de lærte guttene alle sparkstegene, men det var Norunn som lærte oss å svive og å «føre oss i dansen». Det var få som formidlet Numedalsspringaren så elegant som henne. Hun var sikker i takt og rytme og når hun i lausdansen sveiv var det som om hun fløt bortover gulvet. Dette videreførte hun på en pedagogisk måte til oss, som etter beste evne prøvde å få det til like bra som henne.

Norunn var en god danser. Hun var en engasjert formidler av Numedalsspringaren, og hennes danseglede smittet over på oss andre. Vi fikk inspirasjon til å øve så vi også kunne føle at vi mestret det. Vi er glade for den fine tiden vi hadde sammen i dansemiljøet på 70- og 80-tallet og lyser fred over hennes minne.

På vegne av oss som lærte av, og ble inspirert av Norunn.

Gro Kollandsrud



numedalslaget i oslo

Minikurs søndag 11. november

Søndag 11. november klokka 18.00 arrangerer Numedalslaget minikurs i Numedalsspringar i Nordahl Brunsgt. 22.

Kurset er for den som vil lære noko nytt eller friske litt på gamal kunnskap.




Kjell Vidars som spelte på årets Råkåfiskfest. Foto: Svein Aasen.

Vil du være med Numedalslaget på Lindmo 9. november?

Numedalslaget har fått spørsmål om vi vil være publikum under innspeling av Talkshowet Lindmo på NRK 1.

Det heiter at Lindmo ber inn til fjernsynsfest med hjartlege møter, gode historier, aktuelle gjester og levande musikk.

Hvis du vil vere med fredag 9. november, så gi melding til Svein Aasen på mobil: 48 29 99 81 innan 6. november.



RÅKÅFISKFESTEN 2013:

RØA SAMFUNNSHUS

LAURDAG 26. JANUAR

**I 2013 BLIR DET RÅKÅFISKFEST SOM VANLEG DEN SISTE
HELGA I JANUAR.**